



Statsråden

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref
2024/6455 IS/mb

Vår ref
24/3937-

Dato
01 . november 2024

**Dokument 8:180 S (2023-2024) – Representantforslag frå
stortingsrepresentantane Grunde Almeland, Guri Melby og Ingvild
Wettrhus Thorsvik om å sikre alle foreldre moglegheita til å vere forelder
til sitt eige barn**

Eg viser til brev frå familie- og kulturkomiteen 10. oktober med oversending av representantforslag om å sikre alle foreldre moglegheita til å vere forelder til sitt eige barn.

Representantforslaget, som gjeld etablering av medmorskap, kjem samstundes med at Barne- og familiedepartementet arbeider med ein lovproposisjon med forslag til ny barnelov.

Barnelovutvalet har føreslått at farskap og medmorskap som byggjer på assistert befruktning skal verte etablert på likeins måte, ved at det er samtykket til den assisterte befruktinga som skal vere grunnlaget for etablering av foreldreskapen. Utvalet har ikkje greidd ut og gått inn for å utvide pater est-regelen, slik det vert føreslått i representantforslaget. Utvalet peiker likevel på fleire moglege konsekvensar av ei slik løysing, mellom anna at dersom pater est-regelen òg skal gjelde for kvinnelege par, vil regelen ikkje vere i tråd med vilkåra i bioteknologilova om assistert befruktning. Ei ordning som inneber at paret sjølv kan sørge for befruktning utanfor godkjend helsestell, vil vere eit brot med føresetnaden om at donor og paret ikkje skal kjenne kvarandre. Etter synet til utvalet er den viktigaste grunnen til å halde fast på dei gjeldande vilkåra for medmorskap, at dei sikrar at det ikkje blir konflikt om foreldreskapen mellom medmor og den som har gjeve frå seg sæd. Dersom barnet har blitt til ved ei form for privat ordning, kan det til dømes vere usikkerheit kring rolla til den som har bidrege til befruktinga.

Barnelovutvalet skriv om private avtaler om foreldreskap på side 131 og at slike avtaler kan føra til uvisse rundt etablering av foreldreskapen:

«Det sentrale poenget for utvalget er hensynet til stabilitet i barnets liv. Utvalget legger til grunn at de aller fleste par vil inngå avtaler som ikke medfører noen usikkerhet om hvem som er barnets foreldre. Man kan imidlertid ikke utelukke at det i noen tilfeller kan være tvil, eller at en part ombestemmer seg og senere kommer på banen og mener at han er forelder til barnet. I slike tilfeller vil det etter utvalgets syn være en fordel å rydde all uklarhet av veien helt fra starten av ved å stille krav om at den som har bidratt til barnets tilblivelse, fraskriver seg sine foreldrerettigheter for at morens partner skal kunne bli forelder. Dagens vilkår sikrer dette.

I en konkret vurdering av barnets beste kan situasjonen noen ganger tilsi at barnet skal sikres juridisk tilknytning til en person, selv om vilkårene for medmorskap ikke er oppfylt. Det er sentralt for utvalget at barn ikke skal være skadelidende selv om foreldrene har gått utenfor lovens metoder. Også foreldrenes, eller de pretenderende foreldrenes, menneskerettigheter kan etter omstendighetene begrunne at det skal fastsettes foreldreskap [...]. Etter utvalgets syn må imidlertid disse sakene håndteres som adopsjonssaker, slik det også praktiseres i dag.»

Barne- og familiedepartementet arbeider med lovproposisjonen med forslag til ny barnelov, med sikte på at den kan bli lagt fram for Stortinget våren 2025. Vurderingane som regjeringa gjer i desse spørsmåla, vil gå fram av proposisjonen. Eg meiner denne saka blir best handsama av Stortinget dersom innhaldet i representantforslaget kan bli drøfta saman med dei andre forslaga til ny barnelov. På denne måten kan alle føresegnene om etablering av foreldreskap bli sett i samanheng og saman gje grunnlag for ei grundig drøfting.

Med helsing



Kjersti Toppe

Brevet er elektronisk godkjent